

PROSJEKTLEIAR

Årdal skal bli ein god heim for dei nye industribedriftene som etablerer seg i kommunen. Dette set krav til mellom anna utvikling av eit undervisningstilbod på vidaregåande nivå og høgskulenivå som stettar den trongen næringslivet har for kompetanse. Ei viktig målgruppe i dette arbeidet vil vere lærlingane i Årdal. Innovasjon og nyskaping må bli ein naturleg del av nærings- og samfunnsutviklinga i Årdal. Dette føreset eit kontinuerleg fokus på kompetanseoppbygging på alle nivå i lokalsamfunnet.

ARBEIDSOPPGÅVER VIL MELLOM ANNA VERE:

- Gjennomføre prosjekt med sikte på etablering av eit koordineringskontor for kompetanseutvikling i Årdal/regionen.
- Utvikla eit samarbeid mellom Årdal vidaregåande skule, NAV, Høgskulen i Sogn og Fjordane og Teknisk fagskule i Sogn og Fjordane og andre med fokus på behovstilpassa kurs/utdanningstilbod i Årdal/regionen.
- Etablere samarbeidsarenaer mellom industri og utdanningsinstitusjonar i Årdal og etablere praktiske ordningar for å flytte læringsarenaen frå klasserommet og ut i næringslivet
- Legge til rette for kompetanseretta utviklingsaktivitetar retta mot næringslivet
- Setje fokus på lærlingane sine vilkår, og arbeide fram strategiar som vil hjelpe oss å få fokus på dei utfordringane vi sit med knytt til ungdommen sine utdanningsval og kva krav dei set til desse.

ØNSKA KVALIFIKASJONAR:

- Høgre utdanning gjerne innan økonomi, tekniske fag eller pedagogikk
- Stor arbeidskapasitet og proaktiv arbeidsform
- Godt utvikla kommunikasjonsferdigheiter og samarbeidsevner
- Kjennskap til næringslivet i regionen
- Evne til å kunne arbeide sjølvstendig, i team og nettverksbygging
- Erfaring frå prosess og prosjektleiing
- Erfaring frå utviklingsarbeid

Den rette personen med relevant arbeidserfaring kan erstatte formell utdanning.

VI KAN TILBY:

- Gode lønnsvilkår for den rette
- Kontorfelleskap med Årdal Utvikling i triveleg og utviklingsretta arbeidsmiljø
- Spennande arbeidsoppgåver
- Stillinga kan bli fast etter at prosjektperioden er slutt. Prosjektperiode på eitt år.

SØKNADSFRIST: 13. november 2009

FOR MEIR INFORMASJON KONTAKT:

Årdal Utvikling ved Terje Laberg, tlf. 57661177, mobil 99165959

SØKNAD SKAL SENDAST TIL:

Årdal Utvikling, postboks 126, 6881 Årdalstangen eller post@ardal-utvikling.no